



Kinosjef Kjell Magnus Økland ser fram til å ta det nye og flotte lydanlegget i bruk. Sundag inviterer han til to gratis framsyningar for å markera storhendinga.

Tysnes Kino med ny lyd

Det gamle lydanlegget til Tysnes Kino frå 1970 har for lengst nådd pensjonsalderen. Fyrstkomande sundag vert eit nytt og moderne anlegg teke i bruk, noko som vert markert med to gratisframsyningar.

HANS OLE DALLAND

Med det nye lydanlegget byrjar Tysnes kino, som er ein del av drifta til Tysnes Ungdomslag, på ein ny epoke. Kinosjef Kjell Magnus Økland fortel til Sunnhordland at det gamle anlegget var heilt utbrukt og svært dårlig. Noko måtte difor gjerast,

og det er ei heller stor satsing ungdomslaget har gjort, for anlegget kostar 120.000 kroner.

- På fagspråket heiter det eit surround-anlegg. Det betyr at det er høgtalarar og lydkjelder på alle sider av publikum. 8 høgtalarar er monterte på vegene rundt i salen, og framme er det tre store høgtalarar. På kinorommet er det to forsterkarar og monitor. Det vert no god lyd, og filmopplevinga vert mykje betre enn tidlegare. Anlegget i "Vonheim" vert betre enn i fleire av salane i Konsertpaléet. I tillegg er det òg ein styrke for kinoen at det vart kjøpt nytt kinolerret tidlegare i år.

- Storhendinga vert markert sundag ?

- Ja, det er lagt opp til ei

storstila opning. Fyrst vert det tidleg på kvelden ein barnefilm, "Ringeren i Notre Dame", og seinare på kvelden viser me ein amerikansk monsterfilm, "Godzilla" for vaksne. Dette vert gratisframsyningar for både store og små.

- Korleis vert køyreplanen vidare framover ?

- Me vil no prøva å visa filmar kvar sundag og kvar tysdag. M. a. står storfilmen "Redd Menig Ryan" i regi av Stephen Spielberg på programmet. Me vil elles satsa litt på å skapa ei triveleg atmosfære i "Austibylen" før framsyningane, der folk kan prata, handla litt i kiosken og sjå på plakatar og ymse informasjon.